

Utfordra landbruk

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) hadde sitt siste møte på Landbrukets Hus. Utvalet nytta sjansen til å spele over ei utfordring til den interkommunale landbrukseininga. Den fekk i oppgåve å sjå på korleis ein kan redusere vegetasjonen mellom høgskulen og kyrkja, samt å planlegge mudring av fulle fangdammar i Bøevju oppstrøms sentrum.

Går inn for kommunesamanslåing

Nome Høyre hadde medlemsmøte måndag, der det ifølgje sekretær Hans Storli blei vedteke følgjande: «Et bredt flertall av medlemmene på medlemsmøtet i Nome Høyre 8. februar 2016 ønsker å gi til kjenne at Nome Høyre støtter en kommunesammenslåing av kommunene Nome, Sauherad og Bø til en ny kommune i Midt-Telemark»

Vil flytte vegen i Skrubbymyra

I utval for plan, teknikk og næring (PTN) sitt siste møte hadde utvalet oppe fleire diverse-saker. Utvalet var mellom anna positive til at kommunen nyttar inntil 100.000 kroner til reguleringsplan for å planleggje flytting av vegen i Skrubbymyra. Planen er å nytte midlar frå budsjett til opprusting av kommunale vegar.

Tru og tvil på folkem



KOMMUNEREFORMA

Folk møtte mann- og kvinnesterke opp på folkemøtet i Gullbring om kommunesamanslåing. Spørsmåla kom, like mange frå Sauherad som frå Bø.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

Forhandlingsutvalet med ordførar Olav Kasland, Glenn Isaksen (Ap) og Borgar Kaasa (Sp) måtte svare på spørsmål både frå bøheringar og sauheringar. Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen var til stades som statens representant. Men før salen fekk sleppe til, orienterte ordføraren om intensjonsavtalen og kva han meiner er fordelene med ei kommunesamanslåing. Kampen om ressursane er eit av ordførarens hovudargument for ein kommune med 17.000 innbyggjarar.

– Storleik betyr noko. Eg tør påstå at me vil bli sterkare i regionalpolitikken. Poenget er ikkje å slå saman berre for å slå saman. Som ein større kommune blir me mindre sårbare. Kompetansmiljøa blir større, me treng større volum for å gje betre tenester og det er eit effektiviseringspotensial, sa Kasland.

Tru og tvil

Da tilhøyrarane fekk sleppe til var nokre tvilande, andre positive. Spørsmåla Kasland, Kaasa, Isaksen og Nordheim-Larsen fekk handla mellom anna om arbeidsplassar, kommunegrenser, legevakt og næringslivet.

Torbjørn Roe Lahus stilte spørsmål ved miljøspektet ved å flytte arbeidsplassar og kor mange arbeidsplassar Bø mister.

– Nokon må bytte arbeidsplass, men ikkje mange. Avstandane i Midt-Telemark er korte, sa Kasland, som ynskjer betre offentleg kommunikasjon mellom dei ulike delane av ein ny kommune.

Tom Aasland frå Hjuksebø var ein av fleire som ville vite kva politikarane tenkjer rundt kom-

munegrensene i ein ny Midt-Telemark-kommune. Som kjent ynskjer mange sauheringar seg til Notodden.

– Eg skal passe meg for å seie noko om Sauherad, men det er gitt opning i intensjonsavtalen om grensejustering, sa Kasland.

– Ein kan notere seg ynskje, men grensejusteringar skal ein ikkje ta i denne prosessen. Det kan ein ta etterpå, sa fylkesmann Norheim-Larsen.

Må helse på kvarandre

Audun Østtveit, bøhering opphavleg frå Gvarv, gratulerte med intensjonsavtalen.

– Da eg flytte til Bø, passerte eg ei kommunegrense som ikkje burde vore der, sa Østtveit.

Ingmar Bråten meinte at kommunesamanslåing blir veldig bra. Han peika på at storleiken på ein ny kommune i Midt-Telemark ikkje blir veldig stor.

– Me blir 17.000, ikkje 170.000 menneske. Dette blir bra for næringsliv, fagmiljø, skular og alt. Men uansett korleis resultatet av folkeavstemminga blir, må me helse på kvarandre etterpå, sa Bråten.

– Kva vil me tene?

Bra møte, men kanskje ikkje klargjerande. Det var reaksjonen til Aase Aaland og Petra Amundsen, to av dei over 250 frammmøtte på folkemøtet i Gullbring.

– Det var for lite snakk om økonomi. Kor mykje vil me tene på ei samanslåing? sa Amundsen i ein kommentar til Bø blad etter møtet.

– Møtet var storarta, men at det aldri kan kome fram kva ein vil tene på å slå seg saman! Eg trudde eg skulle få svar på det i kveld. Men dei veit det vel ikkje, sa Aaland.

Arne Myhre syntest møtet var greitt nok, men det endra ikkje synet hans på samanslåing. Han har valt å stemme nei.

– Eg trur det blir meir riving og rivalisering i ein storkommune. Eg har tru på samarbeid mellom kommunane, men med meir kontroll av kommunestyra, sa Myhre.



Mange på folkemøte. Over 250 frammmøtte stilte på folkemøte om kommunesamanslåing i Gullbring kulturanlegg.



Panel. Glenn Isaksen (f.v.), Borgar Kaasa, Kari Nordheim-Larsen og Olav Kasland fekk mange spørsmål og innspel frå salen.